

indremisjons VENNER

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

04 - 2022



IT STOP

Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Hagesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Ragnhild Nesse, nestleiar
Oddvar M. Torget
Kjetil Harestad
Tordis Thuestad
Vidar Stensletten Eik
Henriette Bjørnevik

Eldrid Hjelmeland Molland, 1 vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Edmund Thormodsæter, 3. vara

Helgatun

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no

Framsida-foto:

Frå Pit Stop på Leirvik
i haustferien

Blir ikkje utbrent av å lesa Bibelen

Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Første helga i november var fleire av oss på ImF sin lederkonferanse. Formålet med konferansen er å nå menneske som er med og tar ansvar for arbeidet på sitt lokale bedehus, og gi hjelp slik at dette arbeidet kan veksa. Lenger uti bladet vil du møta to frå lokalt arbeid i IMS, og deira opplevingar denne helga.

Indremisjonsarbeidet er først og fremst lokalt. Veldig mange gjer ein stor innsats for barn, unge og vaksne i si lokale forsamling. Både IMS og ImF ynskjer å vera til hjelp og pådrivar for dette arbeidet. IMS sine satsingsområde er fellesskapsvekst, leir og leiartrening. Av eigen erfaring veit eg at eg innimellom treng å løfta hovudet opp frå kvardagsjag og alle gjeremål. Eg treng å henta fornøya kraft saman med andre som står i liknande arbeid. Eg treng å kjenna at eg ikkje står åleine. Når me berre kjem saman, så er me faktisk veldig mange som brenn for at Guds rike skal veksa, og for at menneske skal koma inn i levande relasjon med Jesus.

Me treng å beundra, ikkje beklaga bibelen, sa Sofie Braut som heldt første tale under lederkonferansen. Ho løfta opp kor viktig det er å lesa Bibelen, og halda seg til den. Om du vil lesa gjennom Bibelen på eitt år tar det deg 12 minutt per dag. Guds Ord gir oss liv og ryggrad til livet me står i. Me blir ikkje utbrent av å lesa den. Me må ikkje tola så inderleg vel at vårt indre skal forgå. Me treng kraft for denne tida. Har me rusta oss opp med Guds Ord til å stå imot tøffe tider, utfordra Sofie oss på.


Sofie tok i talen utgangspunkt i Haggai. «Er det tid for dykk til å bu i bordkledde hus så lenge dette huset ligg i røys?» (Haggai 1,4). Dette var Herrens Ord til sitt folk på den tida, via profeten Haggai. Bibelteksten talar rett inn i livet vårt. Velstanden vår i dag er høg. Korleis er interessa for å bygga Guds hus? Er den like stor som for eigne hus? Haggai kom ikkje frå kongsætt, slik fleire andre profetar i Bibelen gjorde. Han var ein «ordinær» mann, som tala Guds Ord inn i si tid. Han verka i berre fire månader, men han har likevel satt spor. Han utfordra folket på kven som hadde fått første plass i livet. Han fekk folket til å gå opp i fjellet, henta tømmer, og bygga huset. Målet var at dei då skulle få ein stad for sann Gudsdyrking.

Siste laurdag i januar vert det ny KRAFT-konferanse. IMS sin eigen teneste- og leiarkonferanse, der du igjen får høve til å koma saman med andre som brenn for lokalt arbeid. Velkommen til fellesskap, aktuelle tema, lovsong med meir. Det er både godt og nødvendig å vera saman!

Kjem vi i mål?

Hausten er godt i gong, og det går raskt mot vinter. Vi er klar med siste nummer av IndremisjonsVenen for i år, og det er tid for økonomisk status pr. oktober. Som du ser av økonomisøyla er det ikkje så oppløftande tal foreløpig. Vi håpar og ber om gode gaver frå både lag, foreningar og forsamlingar fram mot nyttår. Vi står i eit felles arbeid, og skal IMS kunna yta på det nivået vi kan i dag må gæveinntektene våre opp. I tillegg til lagsgåver er gjevarteneste, gæveaksjonar og enkeltgæver frå privatpersonar dei største inntektskjeldene vi har. Takk til deg som ser verdien av arbeidet IMS driv, og står med i både forbøn og med økonomiske gæver. Sjølv om det ikkje ser så lyst ut nett no, veit vi ting kan endra seg mykje før vi set sluttstrek for året! Tusen takk til deg som står med!

Pr. 31.10.2022 viser rekneskapet eit driftsunderskot på kr 1 190 676,-.
Året før var det eit driftsunderskot på kr 599 251,-.



Gi di gæve med
vipps
Vipps-nummer: 102696

Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller du finn skjema på www.indremisjonen.no

Jeg har en talsmann tro i nøden

Andakt av Oddvar Martin Torget
Os, Bjørnafjorden



Overskrifta er henta frå «O, Jesus, åpne du mitt øye», Sangboken nr 49.

1. Joh. 2,1: «Mine born! Dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Og om nokon syndar, har vi ein talsmann hjå Faderen, Jesus Kristus, Den Rettferdige».

I det første kapittel i 1. Johannes brev skriv Johannes at Gud er lys og at det er ikkje noko mørker i ham. Eg og alle andre menneske er født inn i verda med arvesynda, Salme 51,7, «født i misgjerning». Som ein kristen er eg «bærar» av kjødet, som ikkje vil det Gud vil. Ved trua på Jesus har eg fått eit nytt hjarte som vil det Gud vil. Det er ein strid hjå ein kristen mellom kjødet og det nye hjartet. Livet må eg leva i Guds lys, då

vil synda verta avslørt og eg må bekjenne den for Gud. «Då har vi samfunn med kvarandre, og Jesu, hans Sons blod reinsar oss frå all synd».

Apostelen formanar oss til å ikkje synda. «Vert sterke i Herren og i hans veldige kraft», Ef. 6,10. Lev i Ordet, ta din tilflukt til Jesus i tid med freisting. Men «om nokon syndar, har vi ein talsmann». Talsmann betyr hjelpar, trøystar og forsvarsadvokat. Når synda vert avslørt og eg står skuldig for Gud, har eg ein talsmann hjå Gud, Jesus Kristus. Han har teke mi sak, Han har levd mitt liv og betalt for mine synder med sitt eige blod.

Ved trua på Jesus har eg ein hjelpar i all nød, ein trøystar i liv og død, ein advokat som talar mi sak innfor Gud som er lys og som det ikkje er mørker i.

«O, Jesus Krist, forøk meg troen,
Så jeg kan se min herlighet,
Og aldri, aldri glemme Kronen,
Du har beredt fra evighet».

**KRAFT-
konferanse**
Leirvik Bedehus
28. januar 2023 kl 1100-1800

Cecilie Skår Holmgren

Arne G. Skagen

IMS-tilsette og lokale birdagsytarar

Pris kr 400,-. Påmelding innan 24. januar til www.indremisjonen.no

ims

**ims
SOMMAR
FEST**

16.-18. juni 2023
BRANDØY

**FELLESSKAP
ÅNDELEG PÅFYLL
GRILLING
LEIK
KIOSK
BARNEOPPLEGG
SEMINAR
MISJONSTIVOLI
BIBELTIMAR
INSPIRASJON**

ALLE
GENERASJONAR
SAMAN

**BØNE
SPALTA**

BE FOR:

- Kraftkonferansen i januar
- Damehelg og Mannsweekend i februar
- Helgatun og Helgatunlia
- Økonomien i IMS
- Foreiningar og forsamlingar

TAKK FOR:

- Leirdeltakarane i haust
- Alle frivillige forkynnarar
- Lederkonferansen på Straume
- Pit Stop
- Takk og be, Ef. 6, 10-20

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve.
AMEN.

Godt å møtast til Haustmøtehelg

23.-25. september arrangerte IMS Haustmøtehelg. Fredag og laurdag var treffpunktta på Leirvik bedehus. Søndag var det fleire lokale møte.

Sterk konsert med Justified

Countrybandet frå Indre Agder vart starta i 2013, og er etterkvart blitt godt kjent for folk på Sørlandet. Me var heldige som fekk oppleve dette friske bandet, med så flott Jesus-fokus, fredagkvelden på Leirvik bedehus. Dei framførte eigenproduserte låtar og kjente og kjære bedehussongar i ny drakt. Dei ærlege og sterke vitnesbyrda gjekk frå hjarte til hjarte. Mange vart begeistra og inspirert av både song og vitnesbyrd.

Arbeidarsamling og møte laurdag

Dagtid laurdag var tilsette og styremedlemmer samla til Arbeidarsamling. Det er nyttig å ha treff innimellom, med fellesskap, viktig fokus og samtale om arbeidet. Denne gongen hadde me om fellesskapsvekst, og Aud Karin Kjølvik Ringvoll hadde undervisning omkring kva Bibelen seier om dei siste tider.

Seinare på dagen var det open bibeltid med Aud Karin, der temaet var «Reis deg å gå». Aud Karin bidrog også under «Vi møttest» seinare på kvelden. Det er alltid godt å lytta til Aud Karin si varme forkynning. Siri Helene Erland frå Trøndelag leia oss i lovsong, og song også solo for oss. Simen Elias Teigland var var også delaktig. Siri Helene var ein av idol-finalistane i 2006. No gir ho ut musikk om sitt eige idol, Jesus.

Synga Guds Ord

Siri Helene var også kveldens gjest. Ho delte frå oppvekst og kvardagslivet med Jesus. Eg har alltid hatt god fantasi og lengsel etter Gud, seier ho. Samtidig som eg også, spesielt i 16-års alderen, trong bekrefting frå Gud at han elska meg. Med alle menneska på jorda var det vanskeleg å sjå for seg at han såg akkurat meg. Eg var sårbar og forventna kanskje ikkje svar frå Gud. Eg hugsar eg stod på stovgolvet og sa: «Nå må du visa at du elsker meg!». Eg gjorde det klassiske eksempelet som me ikkje skal gjera; eg opna bibelen tilfeldig opp. Nett då landa eg i Høgsongen 4: «Så vakker du er min elskede», stod det. Så gjorde eg det same igjen, og Jer. 31,3 møtte meg: «Med evig kjærleik har eg elska deg». Etterkvart som eg har lært Jesus å kjenna, har eg opplevd hans truskar og at han tar seg av sine. I kvardagen prøver eg å setja av stille tid med Gud, og eg har god erfaring med å syngja det som står i Guds Ord. Det skapar noko i oss. Det går ikkje an å ikkje bli oppbygd av det, seier Siri Helene. Det er også slik dei fleste songane mine har blitt laga, enten at eg berre lovsyng eller grunnar på noko som står i Bibelen.



Siri Helene Erland
song vart og
vakkert



Aud Karin Kjølvik
Ringvoll tala
laurdagen



Kjekt med pizza mellom
møta laurdagen



1897 - 2022

FRAMNES 125 ÅR

- EIN SKULE FOR FELLESSKAP, FRAMTID OG VEKST

For ein dag, og for ein fest! 1. oktober, på dagen 125 år etter oppstart, var det invitert til markering. Saman med personalet og inviterte gjester var det samling i Auditoriet først på dagen. Her var det minikonsert av Torgeir Kinne Solsvik, festtale av Bjarne Kvam, helsingar, og premiere på den ær-

verdige filmen om Framneshistoria, laga av Magnus Hisdal. Den kan du no finna på YouTube, søk: Denne skulen er ein heim og denne heimen er ein skule. Det er også laga fin jubileumbok, ført i pennen av Asle Hetlebakke.

Etter festmiddag var det fest i Framnes Arena, open for alle. Her fekk me glimt frå Framneshistoria ved Øystein Aadland, og Ryfylke Livsgnist framførde nylaga revy. Etterpå var eit feststemt publikum klar for jubileumskake. Godt å vera saman, og ja – Framnes er ein skule for fellesskap, framtid og vekst!



F.v. Harald Voster, Jostein Moldsvor, Arne Lindekleiv, Kjell Strømme og Harald Myklebust



Annbjørg Barane (t.v.) i samtale med Lars Arvid og Lisbeth Oma



Marit A. Røen i prat med Framnes-elevar



Festkveld i Framnes Arena

DAMEHELG BRANDØY

17.-19. FEBRUAR 2023

Vil du veta meir?

Ta fram kamera på smarttelefonen din og peik på den kvite boksen under her



eller gå inn på nettlenka bit.ly/damehelg

TEMA: KVILEPULS
VELKOMMEN

Mannsweekend

10.-12. februar på Brandøy

Vil du veta meir?

Ta fram kamera på smarttelefonen din og peik på den kvite boksen under her



eller gå inn på nettlenka bit.ly/mannsweekend

Festkveld med Sunnhordlandsmusikken

Tirsdag 24. oktober var 80 -90 noverande og tidlegare songarar i Sunnhordlandsmusikken samla i Fitjar bedehus. Og dette vart ein strålende festkveld, sjølv om dette sannsynlegvis var siste gongen Sunnhordlandsmusikken var samla.

Sunnhordlandsmusikken starta i 1989, i samband med Indremisjons-samskipnaden sitt 125-årsjubileum, og sidan har dette store musikklaget berre fortsett å synga og vitna om Jesus. Opplevinga i Uskedalen i 1989 var så sterk at dei no har halde på i 33 år. Det står det stor respekt av. Alt har si tid, som det står i Bibelen, og no var tida komen til å avslutta eit svært vellukka prosjekt. Primus motor for musikklaget har vore Lars K. Vik og Trygve Eiken.

Jesusbeistring og glede har fulgt Sunnhordlandsmusikken
Festkvelden vart leia av Trygve Eiken, som også hadde sett saman ein flott biletkavalkade med tilbakeblikk på alt dei har vore med på. Trygve Kinn frå Sveio hadde med seg dvd med opptak av Sunnhordlandsmusikken, og Lars K. Vik fortalde frå historia og delte nokre stubbar som fekk latteren til å runga i salen. Kvelden vart prega av slik Sunnhordlandsmusikken alltid har hatt det; stor Jesusbeistring med andakt, song, takk og bøn til han som

kom med frelse til alle som tek imot. Godt og varmt fellesskap, mykje latter og glede.

Stort engasjement
Sunnhordlandsmusikken har sunge på 29 årsmøte til IMS, 14 haustmøte på Leirvik, 5 årsmøte til ImF, 4 turar til Danmark, 1 tur til Sverige, 6 turar i Norge, i tillegg til mange, mange møte i Sunnhordland og nærområde. Turaktiviteten vart så stor at det vart sett ned ei eiga turgruppe som bestod av Egil Innvær, Magnhild Turøy, Svein Bjarne Aase og Klaus Muff. Klaus Muff har vore reiseleiar og talar på dei fleste turane og lagt ned eit stort arbeid for at me skulle få gode turopplevingar med åndeleg og menneskeleg innhald. Det var difor på sin plass at Klaus Muff avslutta festkvelden med andakt. På festen vart det også servert nydelege snittar og flotte kaker, og på toppen av det heile fekk me markera at dirigent, pianist, songforfattar, sundagsskulelærer m.m. Lars K. Vik vart 90 år 30. oktober.

På festkvelden overrakte Svein Bjarne Aase ei blomehelsing på vegne av IMS til dei trufaste og dyktige leiarane Trygve Eiken og Lars K. Vik. Sunnhordlandsmusikken med sine mange medlemmer har vore ei berande kraft i IMS sitt misjonsarbeide gjennom 33 år. Dei har støtta opp om arbeidet gjennom deltaking, bøn og offer. Målet for Sunnhordlandsmusikken har heile tida vore å formidla evangeliet om Jesus Kristus gjennom song og vitnemål. Og då festkvelden vart avslutta med at musikklaget stilte opp og song Lars K. Vik sin kjende song: Det skal bli ein gledenes dag når Jesus jeg får se, så rørte det oss alle, og me var einige med Klaus Muff sin spontane replikk: «Eg trur dei berre må fortsetja.»

Svein Bjarne Aase

Lars K Vik og Trygve Eiken vert takka av



Viktig å bygga fellesskap

Å reisa på Forsamlingsweekend er blitt ein god tradisjon i mange forsamlingar. Me har tatt ein prat med Laurhammer Indremisjon og Samnanger Misjonsforsamling, som begge har vore «på tur».



Aktivitet i bowlinghallen på Fjell-ly



Barnesamling med Lise Marie Thuestad Litlabø



God tradisjon for Samnanger Misjonsforsamling

Me har reist saman på weekend så lenge eg kan hugsa, seier Mirjam Dyrhovden Fjell, medlem i arrangementskomiteen. I mange år reiste me til Helgaton. Dette er første året me var på Fjell-ly. Dei to siste åra har me hatt «Bu-heimeleir» på grunn av korona. Me møttest på bedehuset til møte, og hadde i tillegg ulike aktivitetar, tur, og også festkveld laurdagen. Sjølv om det var eit bra alternativ, er det endå kjekkare å få reisa vekk saman.

Nye Ukrainske vener

Dette året har forsamlinga fått nye vener frå Ukraina. Inngangsporten har vore ein litauisk familie som går i forsamlinga, som snakkar både russisk og norsk. I sommar vart det fleire fine spontane møte, der mange frå Ukraina og også folk frå bygda kom. Tolv av våre nye vener var med oss på weekend. Me hadde tolk til vaksenmøte og fellessamlingar. Stein Raunehaug hadde bibeltimar og Lise Marie Thuestad Litlabø hadde barnesamlingar.

Kjekt program og viktig fellesskap

Utanom gode samlingar, hadde me fotballkamp, familiekveld med misjonsfokus, bingo, 50-leiken, me bowla med meir. Me var rundt 50 personar på weekend, der litt under halvparten var barn og ungdom. Det er viktig å treffast i annan setting, og gjera ting saman. Me blir kjent på annan måte, seier Mirjam. Det er viktig for fellesskapet, og kjekt at generasjonane vert meir knyta saman.



Ut på tur med fin utsikt frå Fjell festning

Ny tradisjon for Laurhammer

Laurhammer Indremisjon var på Fellesskapshelg til Brandøy 30. september – 2. oktober. Tilsaman var me 63 personar, frå 0-90 år, fortel leirsjef Ragnhild Nesse. 26 av dei var under eller i skulealder. Dette er tredje gong me er på ei slik helg saman.

Målet var å skapa fellesskap på tvers av generasjonane, både ha tid med kvarandre og med Jesus i lag. Det har kome til nye, unge familiar dei siste åra, så det er kjekt å bli betre kjent. Me i komiteen ynskte ein weekend der me var mest mogleg saman som Guds familie, ikkje for mange oppdelte grupper.

«Kor er Jesus i kvardagen vår?»

Dette var temaet for helga. Me hadde eigne barnegrupper laurdagen, medan ungdommane var med dei vaksne på undervisning med Håkon Garvo. Ungdommane hadde også eigne samlingar om kveldane. Elles var me saman om det meste. Me hadde autografjakt, teambuilding, Brandøykor og delestund laurdag kveld, fortel Ragnhild.

Blir så glade i kvarandre

Det er kjekt med god tid ilag, og få dela åndeleg fellesskap. Me blir så glade i kvarandre. Det er lett å fordela oppgåver når alle er så positive, seier Ragnhild. Så er det ekstra kjekt å møta kvarandre etterpå; både på butikken og på møte. Me ser også betre ressursane i kvarandre etter ei slik helg. Så kan me dela liv saman over strikketøyet, måltidet eller på tur. Ei slik helg er kjempeviktig!




Besøk av Ville Merete med magiske eksperiment



Leik og moro



Barne- og ungdomssidene



Lise Marie Th. Litlabø - Eirik Stensland
Barne- og fam.arbeidar Ungdomsarbeidar

Leirar framover

Brandøy: Helgatun:

Juniorhelg

4-9 år med fylgje
17.-19. mars
Pris: 650,- for barn
og 1150,- for vaksen

Skileir

8. klasse+
3.-5. februar
Pris: 850,-

Tweensweekend

5.-7. klasse
24.-26. mars
Pris: 750,-

Superhelg

0-9 år med fylgje
5.-7. mai
Pris: 650,- for barn
og 1150,- for vaksen

Påskefestival

8. klasse+
31. mars-4. april
Pris: 1300,-



Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

Ten-cafeen i Samnanger

Midt i svingen i Samnanger ligg Nesodden bedehus der Ten-cafeen held til. Det er utruleg kjekt å koma innanfor dørene. Ein blir tatt godt imot, og ein får tilbod om Nachos og brus. Pulsen går både høgt og lågt i stor konkurranse i Kahoot og Alias. Det er kjekt å vera vitne til at både leiarane og deltakarane kosar seg i fellesskapet, der Jesus er grunnen til at dei samlast.



KAHOOT er alltid like spanande



Samling på Ten-caféen

Origo ungdomsklubb

Origo varierer på å vera i Norheimsund og Øystese bedehus. Ungdommane samlast for å vera sosiale og for å høyra om Jesus. Det kjem lydar frå bordtennisbordet, lovsong på anlegget og prating i sofakroken medan ein luktar Grandiosa. Origo er ein trygg og kjekk plass å koma til, både for elevar frå ungdomsskulen og vidaregåande.




Sosialt og godt fellesskap

JUNG-leiars Frihet
Ja, som Gud sitt barn er du satt verkeleg FRI!
Det er den beste gåva du nokon sinne kjem til å få: Nåde frå Han som skapte deg. Ny nåde, for kvar dag. Ta imot, og kjenn at Herren er god!

Bruk QR-kode, eller på Youtube:
Søk: Filadelfia lovsang Frihet

QR-hjørne
Synnøve Wold-Flokketvedt





Synnøve Wold-Flokketvedt - Linda Aase
Ung-leiar Ung-arbeidar

Mitt bibelvers!

Herren er mitt berg og mi borg
og min utfriar, min Gud er fjellet
der eg søker tilflukt. Han er
mitt skjold og mi frelse,
min styrke og mitt vern.

Salme 18,3

Kristoffer Aase, Stord



Pit Stop Leirvik 2022

Pit Stop er alltid eit høgdepunkt i haustsemesteret. Med tema «Alt til Gud», vart det åndelege fokuset om å gje heile seg til Gud og bestemta seg. Mykje av innhaldet handla om å søkja Gud for å bli leia, og dette med å venda seg om til Gud dagleg. Dagane blei fylt med møte, seminar, mat og sosialt. Nytt av året var at NKSS Laget var med som bidragsytarar og med info-stand. Dei stilte mannsterke med nyttilsett Solrunn Økland frå Bømlo og to trainee-ar frå Bergen. For ein fest av ei helg!



Det myldrar
alltid litt ved
entreen på
Pit Stop



Lags-standen
vart godt besøkt



God stemning
i kaféen



Godt med eit skikkeleg
Kick-Off så ein veit
ein er i gong

Vil du sjå vekst i di forsamling?

Siste veka i oktober feira Naturleg menighetsutvikling (NaMu) 25 år i Noreg. I samband med dette reiste fleire team rundt og møtte lokale forsamlingar. Salem Moster var ein av stadane som fekk besøk. Forsamlingar frå ulike kyrkjesamfunn var inviterte, der ein både fekk presentasjon av kva NaMu er og korleis det verkar i praksis.

NaMu-vegleiarane Terje Dahle (Kristent Fellesskap) og Marit Hårklau Ådnanes (IMS) bidrog med undervisning. Styret i Moster Indremisjon stod for praktisk gjennomføring, og leia lovsong. Ingerid Innvær frå Gilje Indremisjon delte deira erfaringar med NaMu. Gilje har for andre gong tatt

NaMu-profil der folk lokalt har svara på utsegner om forsamlingslivet. Resultatet frå Gilje viser stor framgang frå profil 1 til 2. Sjølv om ein har arbeidd med livsnære grupper og varme relasjonar, viser profil 2 også framgang på samtlige andre område. Det var nyttig å høyra Ingerid dela, og fleire nytta høvet til å stilla spørsmål.

Vil du sjå vekst i di forsamling, utfordra me på. Og ja, kven vil vel ikkje det. Erfaringa er likevel at det ikkje skjer av seg sjølv. «Flere sunnere menigheter» er visjonen til NaMu. Gjennom stødige arbeid over tid vil NaMu sine prinsipp og reiskapar hjelpe oss til å bli sunnare, og dermed også vekst. Me veit at fleire vart inspirert til


å bli betre kjent med NaMu, og også vil vurdere dette for si forsamling. Så gjenstår det å sjå kven som tar steget ut, og går i gong med dette spennande utviklingsarbeidet. Gå gjerne inn på www.namunorge.no om du vil lesa meir, eller bruk denne QR-koden.



Terje Dahle underviser under jubileumsturneen



Ingerid Innvær deler erfaringar frå Gilje Indremisjon



Et bitte lite ord UNDERVEIS

Ny andaktsbok av Håkon C. Hartvedt

Å gi ut «Et bitte lite ord UNDERVEIS» er et trosprosjekt. Vil det være plass til enda en andaktsbok i den store floraen av slike bøker? Vel, jeg tror det. De tre andaktsbøkene jeg tidligere har vært velsignet med å få gitt ut er alle utsolgt fra forlaget, og denne boken er annerledes.

Dette er en andaktsbok med 366 svært korte andakter. Det spesielle er at alle andaktene starter med en historie eller skildring, og så er det knyttet en kort kommentar, et lite vers eller et bibelord til denne.

I tillegg til at boka kan ses på som en andaktsbok for folk i farten, er det min tro og mitt håp at dette også kan være en liten ressursbok for alle som selv skal holde andakt i ulike sammenhenger.

Men fremfor alt håper jeg at disse korte andaktene kan styrke en medvandreren på Livsveien – og at Jesus, og Han alene, er døren som leder like inn i Himmelen.

Pris kr 279,-

Du får kjøpt boka på

SunnBok

www.sunnbok.no

Torgbakken 10, 5411 Stord

Telefon: 53 41 20 01

e-post: post@sunnbok.no

Ein sprek 150-åring

«Det vart ein flott fest! Stinn brakke med over 200 store og små!» Det kunne leiar i Norheimsund Indremisjon (NIM), Eli S. Tveitane, melda like etter jubileumsfesten i Norheimsund bedehus søndag 23. oktober.

Familiefest

Mykje av historien dreier seg om barne- og ungdomsarbeid. Også i forsamlinga i dag ynskjer me fokus på familie. Difor var det viktig for oss å leggja programmet opp til det. Me hadde halvannen time program, med middag mot slutten. Så kunne folk gå når dei var ferdige. Me tenkte at det gjerne kom opp mot 150 menneske, så registrerte me 202. Me opplevde matunder, og det vart nok til alle, fortel Eli. Det kom folk frå ulike bygder og fellesskap. Generalsekretær Erik Furnes tala, barnekoret Shine og Norheimsund og Øystese ungdomskor deltok. «He's been so good to me», song ungdomskoret, der temaet går på Guds omsorg. Det er så mange som har lært Jesus å kjenna og følgja han gjennom arbeidet i bedehuset alle desse åra.

Rikt song- og musikkliv

Til jubileet er det laga bok. Øystein Ådland har ført den i pennen, saman med ei redaksjonsnemnd. Det rike song- og musikklivet på bedehuset har vore særpreg gjennom alle år. Boka viser fleire bilete av Heimlokk, det første koret. Så slo det meg også når eg såg tilbake, at det har vore eit veldig oppegående barne- og ungdomsarbeid alle desse åra, fortel

Eli. Norheimsund- og Øystese ungdomskor har vore grunnpilaren i ungdomsarbeidet dei siste 50 åra. Så skal me ikkje underslå at det har vore fasar oppover, der det har vore vanskar, splid og konflikhtar. Folk tok vegval. Me må vera nådige mot kvarandre, og bera over med kvarandre når me tar ulike val, minner Eli oss om.

Mange er sendt ut

Ungdomskoret har alltid hatt eit misjonsprosjekt. Tor, min ektemann, var den tiande personen som vart støtta då han vart misjonær, fortel Eli. Bernt Skutlberg seier i boka: «Mange frå mi tid i koret, ca 15, reiste seinare ut som misjonærer. Det var ei tydeleg utfordring til teneste, og eg trur ikkje det var tilfeldig at så mange reiste ut frå dette miljøet. Det må ha vore noko med utfordring i forkynninga og også i det praktiske, - me blei gitt ansvar.»

Framtidsvisjonar

«Vi vil vera ei Jesus-fokusert forsamling med verdsvidt perspektiv som ærar Gud, deler tru og liv, og får med fleire». Dette er visjonen til NIM i dag. «Når fleire har fellesskapet på bedehuset som sitt åndelege fellesskap, er dette ei ønskt utvikling», står det i siste årsmeldinga. Eli fortel vidare at NIM har vore tydelege på at bøn har vore og framleis står sentralt. Så ynskjer me å vera her for heile familien, og bety ein forskjell for bygda me bur i.

Ein anerkjennande kultur

Det er så mange som kunne fått blom denne jubileumsdagen. Me skal ha medarbeidarfest no i november, der me ynskjer å takka alle frivillige medarbeidarar. Me ynskjer å ha ein anerkjennande kultur i fellesskapet vårt, seier Eli.



Barnekoret Shine

Fullt hus under 150-årsjubileet i Norheimsund



Fest og basar på Helgatun!

Første helga i november var mange samla til Helgatunhelg. Snakk om festhelg! Alt frå fredag kveld var alle romma opptatt, pluss ein god gjeng som var samla i Helgatun sin leilighet i Helgatunlia, og alle var komen med eitt mål for auga; basar på Helgatun. Og basar vart det, nær 120 personar var samla i møtesal og peisestove. Her var åretrekingar med alt frå sjokolade til vesker som gevinstar, det var eiga barnebok med barnevenlege gevinstar, tipping av snopglas og vekt på fenalår, og ikkje

minst hovudtreking med flotte gevinstar. Alt i alt vart det samla inn i overkant av kr 116.000,- som kjem vel med i leirarbeidet for born og unge på Helgatun.

Ingebrigt S. Sørfonn var med som talar både laurdag og søndag. På basaren snakka han om å halda fokus på Jesus, -held vi fokus på Jesus og overgir oss til han så vert vi berga for himlen og kan sjå fram til å vera saman med han til æveleg tid.

Takk til tilsette på Helgatun som steller så flott i stand, takk til Roman som er kokk og serverte middagar som det vil gå gjetord om i bygdene der dei overnattande var frå. Og takk til alle som kom og var med og gjorde dette til ei festhelg for Helgatun! Og fekk du det ikkje med deg, så følg med og bli med neste år!



Ingebrigt S. Sørfonn



Fullt hus og kr 116.000,- inn på basar



Mange fine gevinstar



ImF sin lederkonferanse på Straume

Også fleire frå IMS fekk med seg ImF sin lederkonferanse 4.-6. november. Her var mange aktuelle nettverk og seminar for ulike interesser. Laurdag var det GF for ImF. Me har spurt eit par deltakarar om følgjande:

Kva tar du med deg frå konferansen?



Birgit Pedersen, Moster

Det er første gong eg er på konferansen og det gav meirsmak. Mange gode talar og lovsong. Eg var på spennande seminar med Åpne dører, og veldig kjekt og nyttig nettverk om lovsong og lovsongsteam. Eg

reiste heim med fornya inspirasjon og glød, som eg skulle ønska fleire i forsamlinga fekk oppleve. Vanskeleg å formidla vidare på like inspirerende måte, så eg vil jobba for å få fleire med neste år.



Rune Kvilhaugsvik, Fitjar

Først og fremst eit godt åndeleg fellesskap saman med folk frå mange ulike stader i landet. Det er veldig kjekt å treffa gamle kjente og få nye kjente. Det er oppmuntrande at me kan vera med å inspirere og heia på kvar-

andre i den tenesta me står i. Eg var på nettverket «Naturlig overnaturlig», det gav mykje god undervisning rundt Den Heilage Ande, og korleis me kan bli leia i kvardagen. Dette er femte året eg er her, og eg gler meg allereie til neste konferanse.

Mi trushistorie

I Ålesund sentrum vaks Vidar Giske opp som yngst av tre søsken. Han er vaksen opp i kristen heim, og han og søskena gjekk på søndagsskulen i kyrkja. Etterkvart var det berre dei tre igjen, så då begynte dei å gå på gudsteneste, som ganske unge.

Skreiv brev til seg sjølv

På 90-talet kom Vidar til Øvrebygda, saman med kona Kari. Dei har tre born i alderen 34, 32 og 27 år. I dag er Vidar leiar i indremisjonen i bygda. Men eg har ingen barnoms- eller ungdomssamanheng med indremisjonen. Det nærmaste var at me ein gong i året var på Santalmisjonsbasar på bedehuset i Ålesund. Onkelen min var kretssekretær, så då fekk eg vera med å hjelpe til, seier Vidar. Basaren varte i tre-fire dagar. Eg var med i kristent barnearbeid i Ynglingen i Ålesund som KFUM-speidar. Så deltok eg på påskeleirar. Me brukte skulen og bedehuset i bygda, og møta var i kyrkja. Me hadde leirprest, som var så flink til å tala. Kyrkja stod open dagtid, slik at me kunne sitja for oss sjølv og be eller lesa, eller bli betent. Me kunne også skriva brev til oss sjølv om kva me hadde fått gjennom bibelundervisninga, leirminner eller anna. Eg hugsar at eg skreiv «neste år må eg melda meg på leir igjen». Eg skreiv namnet mitt og adressa utanpå konvolutten og limte igjen. Kretsen sendte brevet ut til oss ei stund før neste leir. Det var til stor velsigning.

Ein trufast leiar

På spørsmålet om nokon har betydd ekstra i forhold til det å tru, seier Vidar at ein barne- og ungdomsleiar vart viktig. Han var min leiar frå eg var åtte år til eg reiste i militærtenesta. Ja, også etter dette var han viktig. Han har vore veldig tru og uthaldande i tenesta.

Gjaldt ikkje meg

Eg gjekk i ungdomsarbeidet heilt til militærtenesta. Sjølv om eg fekk militærtransport til lagsmøte, hadde eg ikkje eit kristent fellesskap på min stasjon, og det vart ei åndeleg tørketid. Etter militæret, vart det datastudier i Kristiansand. Der fekk eg etterkvart ei fast tru på at alt som stod i bibelen var heilt rett, og at alle som trudde på Jesus var frelst, og at det gjaldt for alle, men ikkje meg. Eg anar ikkje kvifor eg kom til denne kortslutninga, seier Vidar.

Gud svarte på nødsbøna mi

På leir i studentlaget vart eg utfordra til å halda andakt. Eg sa først ja, men så sa eg nei etterpå. Dette kan eg ikkje, tenkte eg. Så vart eg på ny utfordra til å ha andakt på ein annan leir. Det same skjedde. Eg tenkte «dette kan eg ikkje». Eg har ingen-



ting å koma med. Eg bestemte meg likevel for at eg ikkje skulle svara nei denne gongen. Eg bad nødsbøner til Gud utover natta. Så bad eg ei bøn som eg aldri før – eller seinare – har bedt: «viss nokon kunne få noko ut av det eg skulle seia, så måtte eg få høyra det». Eg var sikker på at det var heilt umogleg at Gud kunne bruka meg. Så hadde eg den vesle andakten, der temaet var bøn. Etterpå kom ei til meg og sa «det var godt». Eit vanleg høfleg svar, tenkte eg. Så skjedde det underet at 10-15 personar kom, heilt åleine, og sa det var godt. Gud svarte på nødsbøna mi på sin måte, og eg forstod at frelsa gjaldt for meg også. Talen min var ikkje så god, men Gud var god med meg.

Gjorde eit stort inntrykk

På 90-talet var det møteaksjon med Marit og Irene i Fitjar. På eitt av møta, var det ein som knelte ned ved sida av meg der vi satt på bedehuset, fortel Vidar. Så eg gjorde

det same. Etter at han var ferdig, bad han også for meg. Det gjorde eit veldig stort inntrykk. Forbøn er det same som personleg velsigning. Seinare har eg mange gonger gått fram til forbøn. I starten kosta det å gå fram til forbøn. Kva ville dei andre tenka? Men no bryr eg meg ikkje lenger. Det eg får i forbøn er så uendeleg stort. Skriv gjerne noko om det, seier Vidar, slik at folk får frimod til å gå til forbøn. Det er så rikt, så velsignande. Seinast no på lederkonferansen på Straume gjekk eg til forbøn. Du treng ikkje vera i kritisk situasjon for å gå til forbøn.

Forventning til vekking

Eg har forventning til vekking, seier Vidar. Me hadde besøk av Samemisjonen på bedehuset. Generalsekretæren sa til meg at me må vera forberedt på vekking, og at den kan koma plutselig. Ein ting er at me skal forkynna evangeliet. Det i seg sjølv er ikkje alltid like enkelt, men misjonsbefalinga seier også at me skal «læra å halda alt han har befalt oss». Me har ei stor oppgåve også etter vekkinga. Det er det greit å vera klar over.

Ein helt som frelser

Eg har fleire favorittvers frå bibelen, og stadig dukkar det opp nye. Mitt vers no for tida er Sef. 3,17. Eg følte meg åndeleg flat, og tankane kverna om bibelverset der Jesus sa at «du er lunka, ikkje varm og ikkje kald. Difor skal eg spytt deg ut av min munn». Så kom eg i nødsbøn til Gud, og den dagen var nettopp dette bibelverset frå Sefanja dagens vers. Eg leste det, men sat kommaet feil plass: «Herren din Gud er, hos deg ein helt som frelser». Eg leste det slik, 10-15 gongar, og Den heilage Ande gjorde det sterkare og sterkare i meg for kvar gong. Dette verset gjeld for oss alle, seier Vidar.

Nødsbøn

Det er tankevekkande at eg har kjent så konkrete svar på nødsbøner, både dei som er nemnt her og andre. Er det fordi hjartet i slike bøner er mykje meir vendt mot Gud enn i vanlege bøner? Bør me be om meir nød for det me ber om, undrast Vidar.

Helsing frå

Framnes

Kristne Vidaregåande Skule



I skrivande stund ligg Kvamsøy innhylla i sol. Samlanuten ruver stolt, Folgefonna ligg med ei stadig krympande snøkåpe på – og me skriv november månad! Det er like varmt ute no som det var i juni månad....

Sommaren vart fullbooka her på neset, med det eine arrangementet etter det andre; skuleavslutning, IMS sitt årsmøte, elevstemne, Evangelisten, Krik osv. Sørvispersonalet klarte akkurat å få til tre veker ferie før det var på att med førebuing til nytt skuleår. Det var så mykje kjekke folk å treffe, å snakke med og gode opplevingar elles, at det gir ein god boost når det er hektisk.

Oppstartshelg 21-22. august. Spennande dagar for alle partar, samt for oss i personalet. «Bli-kjent-turar» veka etter, var med å smelte saman både klasse- og trinnvis. Dette året drog me til Raknestunet, Skogtun, Botnen og Austevoll. Vg1 var saman på Framnes og blei kjent her.

Første oktober markerte me 125-årsdagen for oppstart av Framnes her på Prestholmen. Mykje i skulen

har endra seg på desse over hundre åra, men Gud er den same! Vekking som tok til, ber stadig frukter – det er fleire av elevane våre som har tatt imot Jesus berre no i haust! Møta er svært godt besøkte og elevane kjem sjølv saman til bønne- og bibelstunder. Bibelgrupper er oppretta i heimar hos personalet.

Nyleg hadde me Foreldredag. Det har ikkje vore så mykje folk og bilar på fleire år, vert det meldt. Over 500 personar til middag. Kjekt er det og at så mange foreldre tok turen denne dagen! Fleire ynskjer å snakke med kontaktlærarar for å høyre korleis poden både ter seg og har det, på slike dagar. Misjonsløpet er ein av dei store happeningane på denne dagen om hausten. Årets kull samla pengar til misjonsprosjektet YWAM sitt arbeid i Papua Ny-Guinea. Både foreldre, søsken, besteforeldre og slekt ellers har vel blitt «offer» for denne innsamlinga. Det er samla inn over 1,1 million kroner til no i haust! Dette seier noko om kvaliteten til elevane våre, stå-påvilje, pågangsmot, fantasi og ein god og seriøs innsats på alle plan!

Ellers er det ofte besøk utanfrå; i dag kjem elevar frå Fjellhaug bibelskule på besøk, neste veke er det Gå-ut-Senteret. Fjellheim bibelskule var her tidlegare i haust. Daniel Sæbjørnsen og Øyvind Heggernes har også hatt onsdagsmøte. Dette er karar som har ein sterk bodskap å kome med.

Innimellom alt dette, er det jo skule me driv. Dermed også lekser og prøvar, vurderingsgrunnlag, som fort kan føre til stress både psykisk og elles. Det er som kjent mykje press frå omverda – utsjånad, karakterpress, samanlikning m.m. Dette kan tære på ein stakkars 16-17-18 åring. Livet er sanneleg ikkje for pyser, som kjent.

Ver gjerne med og be for elevane våre, som kjenner på dette ytre og indre presset. Be gjerne om at Guds fred skal få grep og at Han bryr seg om kvar einskild, uansett bagasje og utrustning.

*Helsing oss på Framnes
November 2022*

Surfetur til Jæren



Klar-ferdig-Gå
for misjonsløpet

Reiseruta desember, januar og februar

DES - Veke 48

1. desember
Marit Hårklau Ådnanes, Husnes
2. desember
Per Gunnstein Nes, Tørvikbygd
2.-4. desember
Kåre Johan Hamre, Ungdomshelg Helgaton
Marit A. Røen, Førjulshelg Helgaton
Linda Aase, Adventshelg Brandøy
Eirik Stensland, Adventshelg Brandøy
Synnøve Wold-Flokketvedt, Adventshelg Brandøy
4. desember
Håkon C. Hartvedt, Horneland
Lise Marie Thuestad Litlabø, Hiskjo
Silje Fyllingen, Gilje

DES - Veke 49

8. desember
Kåre Johan Hamre, Granvin
11. desember
Olav Eikemo, Os
Svein Bjarne Aase, Moster

DES - Veke 50

12. desember
Kåre Johan Hamre, Granvin
18. desember
Lise Marie Thuestad Litlabø, Eikelandsosen

JAN/DES - Veke 52

28. desember
Marit Hårklau Ådnanes, Auklandshamn
29. desember
Lise Marie Thuestad Litlabø, Gilje
5.-8. januar
Marit og Jarle Berland, Horneland
7. januar
Eirik Stensland, ConTeenNew
8. januar
Olav Eikemo, Fitjar

JAN - Veke 2

9. januar
Kåre Johan Hamre, Granvin
15. januar
Kåre Johan Hamre, Nainkyrkja ImF-Voss
Olav Eikemo, Halsnøy
Marit Andresen Røen, Os

JAN - Veke 3

16. januar
Kåre Johan Hamre, Granvin
17. januar
Lise Marie Th. Litlabø, Hobbyklubb og TiTo på Valen
19. januar
Kåre Johan Hamre, Granvin
22. januar
Olav Eikemo, Norheimsund
Marit Andresen Røen, Skånevik

JAN - Veke 4

25. januar
Ola Malvin Lomheim, Tysnes
25.-27. januar
Kåre Johan Hamre, Osterneset
26. januar
Ove-Kjell Sakseid, Huglo
29. januar
Lise Marie Th. Litlabø, Husnes
Marit Hårklau Ådnanes, Moster
Ingvild Løklingholm, Halsnøy

JAN/FEB - Veke 5

30. januar
Kåre Johan Hamre, Granvin
2.-5. februar
Kåre Johan Hamre, Laurhammer
3.-5. februar
Eirik Stensland, Skiweekend
5. februar
Marit Andresen Røen, Moster
Marit Hårklau Ådnanes, ImF Stord
Håkon C. Hartvedt, Sagvåg
Olav Eikemo, Øvrebygda

FEB - Veke 6

8.-10. februar
Kåre Johan Hamre, Omvikdalen
10. februar
Lise Marie Th. Litlabø, Horneland
11. februar
Eirik Stensland, ConTeenNew
11.-12. februar
Kåre Johan Hamre, Mannsweekend Brandøy
12. februar
Marit Andresen Røen, Halsnøy
Ola Malvin Lomheim, Gilje
Kåre Johan Hamre, Tørvikbygd
Olav Eikemo, Håvik

FEB - Veke 7

13. februar
Kåre Johan Hamre, Granvin
16. februar
Kåre Johan Hamre, Granvin
17.-19. februar
Olav Eikemo, Skånevik
Lise Marie Th. Litlabø, Damehelg Brandøy
19. februar
Eirik Stensland, Kyrkjetunet Ølen
Marit Hårklau Ådnanes, Gilje

FEB/MARS - Veke 8/9

22. februar
Kåre Johan Hamre, Bømlo
23. februar
Kåre Johan Hamre, Stranda
24.-26. februar
Kåre Johan Hamre, Brandøytreff
26. februar
Marit Hårklau Ådnanes, Horneland
27. februar - 3. mars
Eirik Stensland, Misjonstur ConTeenNew

Reiseruta er enno under utarbeiding, spesielt gjeld dette for Ung-avdelinga

Det var i Betlehem i Judea Jesus vart fødd, medan Herodes var konge. Då kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som nett er fødd? Vi såg stjerna hans då ho synte seg i dagsranda, og no er vi komne og vil hylla han.»

Matt 2, 1-2



Med ynskje om ei velsigna god julehøgtid!



PÅ TAVLA

SKILEIR 2023

3. - 5. febr på Helgaton



3. - 5. febr på Helgaton



SJÅ BIT.LY/SKILEIR, ELLER SKANN QR-KODEN, FOR PÅMELDING



Velkommen til
Vinterferieopphald
på Helgaton

24. febr. til 5. mars

Ynskjer du ei eller fleire
overnattningar, ta kontakt på tlf.
56 51 98 98 eller send ein mail
til helgaton@helgaton.no



Brandøytreff

-leir tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming-

24.-26. FEBRUAR 2023

PÅMELDING:
WWW.INDREMISJONEN.NO

DAMEHELG BRANDØY 17.-19. FEBRUAR 2023



TEMA: KVILEPULS

Vårtreff på Brandøy

-for oss over 60-

24.-27. april 2023

Velkommen til fine vårdagar på Brandøy!
Naturen her er ei perle av Guds store
skaparverk med fjord, fjell og skogkledd ller.
Her kan du finna ro og kvile for kropp og sjel.
Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og
vitnemål.

Påmelding: indremisjonen.no eller ring kontoret tlf. 53 41 07 04



Mannsweekend

10.-12. februar på Brandøy






LEIRAR FOR FAMILIE OG BARN/VAKSEN

Juniorhelig på Brandøy
4-9 år med fylgje
17.-19. mars 2023

Superhelig på Helgaton
0-9 år med fylgje
5.-7. mai 2023

Familieleir på Brandøy
30. juni-4. juli 2023

Påmelding:
indremisjonen.no



Velkommen til påske på

HELGATUN

FAMILIELEIR

(Kombileir)

31. mars – 4. april 2023

PÅSKEOPPHALD

5. – 10. april 2023

Påmelding: Helgaton tlf. 56 51 98 98
helgaton@helgaton.no

